

Møtebok frå årsmøte i Imsland Bygdahus S/L, 20. febr. 2014.

Følgjande saker vart handsama:

Sak 1. Val av skrivar Anita Øvregård.

Til å skriva under møteboka Frank Gunnar Hustveit og Anne Gr Magnus.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Vedtak OK.

Sak 3. Årsmelding. Anita gjekk gjennom denne som synte eit godt arbeidsår med mange aktivitetar. Styreleiar Jan Hendrik svara på ein del spørsmål. Vedtak OK.

Sak 4. Rekneskap. Sigmund Espevold gjekk gjennom dette og svara på ein del spørsmål. Rekneskapen synte eit driftsoverskot for året på kr 104 245, og ein har pr 31.12.13 ein bankkapital på kr 633 343. Rekneskapen var revidert og vart godkjend.

Sak 5. Val av nye B representerantar.

Valde vart: Oddlaug Birkeland, Jens Olav Hustoft, Sverre Hustveit, Oddvar Haugland og Hans Olav Knutsen.

Vararepresentantar:Lars Steinar Våga, Halvard Hustoft, Dagmar Dentel, Huan Knutsen og Reidar Dahl.

Sak 6. Val av leiar og nestleiar til representantskapet:

Valde vart: leiar Oddvar Haugland, nestleiar Sverre Hustveit.

Sak 7. Val av 2 styremedlemmer .

Valde vart Marit Svandal og Arne Svandal.

Frå før sit Åsvald Imsland, Tina Kvaløy og Hege Imsland Birkeland.

Sak 8. Val av leiar i styre. Vald vart Arne Svandal.

Sak 9 Val av 3 varamedlemmer til styre.

Valde vart Sverre Staurland, Åsvald Kaldheim og Jolaug S. Kaldheim.

Sak 10 Val av revisorar.

Valde vart Kjell Hustveit og Lars Bernhard Skipevåg.

Sak 11 Valgnermnda.

Sigbjørn Staurland går ut etter 3 år. Att sit Børge Rønnevik 1 år og Aslaug Nybru 2 år. Liv Norun Bakkedal vart valgt ny for 3 år.

Sak 12. Rehabilitering av Huset.

Det har lenge vore omtala å fornye golvet i salen Styre har arbeid med dette og i samband med finansiering fått tilbakemelding og råd frå kulturnemnda i kommunen at ein, i høve til eventuell søknad om spelemidlar, bør ta med meir naudsynt rehabilitering. For å komma på tale bør ein søknad ha ei minste

kostnadsramme på kr 450 000. Styre har retta seg etter desse råda, og legg fram for representantskapet ein plan for ei gjennomgåande rehabilitering kostnadrekna til kr 550 000. I finansieringsplanen som blir lagt fram er det då lagt inn ei venta løyving av spelemidlar på kr 183 418. Av eigne midlar reknar ein med å bruka ca kr 100 000.

Representantskapet finn at ein bør retta seg etter dei råd ein har fått, og ta dette løftet nå. Me skulle då i mange år ha eit Bygdahus utan stor trong for påkostning. Representantskapet sluttar seg til planane.

Sak 13. Trimrommet.

Det førelåg ein sknad frå ei gruppe foreldre om redusert aldersgrense for bruk av trimrommet. Vaktmester Stein Gunnar innformerte litt om reglar og krav til bruk av trningsutstyr. Repsk. sender søknaden over til styret for vurdering.

Sak 14. Ymse.

Leiar Jan informerte om diverse. Bl.a. Pengegåver som Huset vil takka for. Vidare om Rootsdugnad og Ølmedal Rundt samt høve rundt Haugesund Sparebank sine lokale som ein ventar vil bli ei kommande sak.

Representantskapet takkar styre og leiar for godt gjennomført arbeid..

Møte slutt

Frank Gunnar Hustveit sign.

Anne Gro Magnus sign.